

Årsmelding 2021

Hjelme og Blomvåg sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn

HJELME OG BLOMVÅG SOKNERÅD



Erling Vik

Soknerådsleiar

Innleiing

Soknerådet sin visjon er at folket i Hjelme og Blomvåg kan få kjenna seg elska av Gud og menneske.

Soknerådet har si merksemd mot alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt. Kyrkjelova §9

peikar særleg på dette.

Soknerådet har handsama 88 saker i 2021.

Kyrkjelydsutvikling/naturleg kyrkjelydsvekst står fast på soknerådet sin dagsorden. Offer, enkeltarrangement som fellesskapskveldar og julefest, sommarfest for frivillige og økonomi- og budsjettsaker.

Covid-19

Også dette året har blitt prega av pandemien og har gitt oss mange utfordringar. Ting har vore planlagt, for så like før gjennomføring blitt avlyst grunna restriksjoner

og pålagte begrensningar. For våre barnefamilier har dette medført at me ikkje har kunna gitt det tilbud med søndagsskule som me skulle ønskt.

Gudstenestelivet

Gudstenesta er grunnleggande viktig for alt anna som skjer i kyrkjelyden. Her kjem ein saman for å søke og møte Gud. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. I glede og sorg samlast kyrkjelyden til gudsteneste. I gudstenesta får ein synge, lytte og be saman med andre. Gudstenestene er opne for alle. Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte. Det er variasjon i innhaldet i gudstenestene som t.d. sprell levande gudstenester som er opplagt for barn og unge sitt engasjement i gudstenesta.

Fellesskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap også utanfor gudstenestene. I årshjulet vårt er Fellesskapskveldar,





morgonmesser, markturar i «gamle» Øygarden og julefest er faste møtepunkt gjennom året og døme på fellesskapsbygging. På grunn av smitteverntiltakene har me måtte redusere mange av tiltakene. Det har medført at nye tankar og ideer har kommet opp og Rebusløpet i slutten av mai blei eit vellukka og positivt tiltak der heile familien kunne delta.

Frivillige ulønna medarbeidarar

Soknerådet takkar alle frivillige ulønna medarbeidarar særskilt.

Hjelme og Blomvåg er kyrkjelydar som drives med hjelp av ein stor del frivillige. Desse er med å beriker kyrkjelydslivet og fellesskapet.

Håpet er at du som frivillig har glede av arbeidet og kan anbefale andre til å vere med. Det trengst fleire frivillige hender.

Misjon

Å drive misjon er grunnleggande viktig i ein kristen samanheng. Utlands er kyrkjelyden engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger. I 2019 gjekk soknerådet inn ein avtale med Stefanusalliansen om støtte til «Stefanusbarna» i Egypt. Soknerådet støttar arbeidet i tre år gjennom forbøn og pengar frå kollekt og konfirmantane sin innsamling.

Ungdommene viser også eit fint engasjement gjennom ha misjonsløp.

Økonomi/giverteneste

Soknerådet har to kjelder for inntekt. Det er offer i kyrkjene, til kyrkjelydsarbeidet og giverteneste.

Vi ønsker å øke givertenesten for å opprettholde det viktige og gode barne- og ungdomsarbeidet og kunne gi større andel av offer/kollekter til misjon i andre land.

Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leirarbeidet i regi av kyrkja. Det er Hjelme og Blomvåg sokn som er eigar. Leirstaden har eige styre og er no etablert som eit A/S for å oppfylle formelle krav til selskapsform. 2021 er også her eit krevande år, men det er laget en strategi for at Skjergardsheimen skal klare å gjenoppta normal drift etter pandemien.

Soknerådet er sammensett slik

Faste medlemmer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Øyvind Solsvik, Gustav Magne Landro og Therese Dale Gerhardsen. Varamedlemmer: Elise Irene Karlsen, Øystein Vik, Astrid Johanna Nautnes Rustad, Tormod Magnesen og Monica Breivik. Sokneprest Espen Sigve Tveten møter fast i soknerådet

ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Espen Tveten
Sokneprest

Det er viktig å heva blikket å sjå at me har ein himmel over livet. Det siste året har vore prega av restriksjonar, avlysingar, uvisse og einsemd for mange. Difor held me fast i kyrkjjas største skatt: Guds omsorg for våre liv avheng ikkje av ytre omstende, og Jesus Kristus er den same i dag som i går.

Utviklingstrekk i statistikken

Pandemien gjer det umogleg å avlesa trendar i kyrkjelydslivet for 2021. Tala er naturleg nok låge på dei fleste område. Sjølv om mange av restriksjonane er sloppe opp, er mange tilbakehaldne med å koma til kyrkja. Dåpstala var låge i fjor, og me ser i statistikken at berre 31 av 50 barn vart døypt. Men omtrent 20 av borna var fødte på seinhausten, noko som gjev grunn til å tru at dåpsprosenten vil auka. Det har vore fleire gudstenester

enn vanleg, sidan plassrestriksjonane gjorde det naudsynt med fleire gudstenester mange søndagar.

Livet i kyrkjelyden

Trass i mange avlysingar, har kyrkjelyden gjort mange tiltak for å ha eit aktivt kyrkjelydsliv. Det har vore eit godt samarbeid mellom frivillige og dei tilsette. Av tiltak som vart gjennomførte i fjor kan nemnast:

- Gospeltorsdagar i Blomvåg kyrkje
- Song-og salmekveldar i Hjelme kyrkje
- Kyrkjjetaco i Hjelme kyrkje
- Bilrebus med digitale kveldssamling
- Utekunst-vandring
- Utegudstenester frå kyrkjetrappa

Me har hatt to kyrkjejubilé. Hjelme kyrkje vart 50 år og Blomvåg kyrkje vart 90 år. Arrangementa vart



gjennomførte med eit noko nedskalert program grunna pandemien.

Barn i gudstenesta

Pandemien har gjeve borna større plass under gudstenesta. Plassrestriksjonane gjorde at barn ikkje kunne ha egne samlingar og meir av innhaldet i kyrkerommet vart difor lagt til rette for barn. Sjølv om restriksjonane slepp taket, må me trist erkjenne at Blomvåg kyrkje ikkje har eigna rom for søndagsskule. Det er for mange barn til at me kan bruka kontoret/sakristiet til søndagsskule. Før me eventuelt får eit anna bygg eller får lydisolert sideskipet, kan me ikkje ha søndagsskule.

Digital kyrkje

Det har vore fint å tilby gudstenester på nett. Både skulane og Tednebyggane omsorgssenter sette pris på å få sjå digitale julegudstenester. Det har og vore andre gudstenester på nett frå kyrkjene våre. Det er fint at sosiale medium kan hjelpa oss ut med evangeliet frå lokale omgivnader. Samtidig må me er kjenne at eit digitalt fellesskap ikkje er det same som eit fysisk fellesskap. Ein del kan ikkje handtera den nye digitale kvardagen og ein del er trøytte av å sjå ting på nett.

Nytt i fjor var at me i fastetida gav tilbod om å lesa Bibelen saman på nett. Det var god oppslutning

om daglege bibeltekstar og andakter. Om lag 300 registrerte seg på denne facebookgruppa. Me fekk gode tilbakemeldingar på at Bibelen vart nyoppdaga for mange.

Kyrkja i samfunnet

Det er viktig at kyrkja engasjerer seg i lokalsamfunnet. Frå fjoråret kan nemnast to samarbeidsprosjekt:

- Hauge-kveld i Hjelme gamle kyrkje i samarbeid med Kystemuseet og nærmiljøutvalet Bakken krins
- Pilegrimsvandring til Hjelme gamle kyrkje i samarbeid med Øygarden kommune. Over 100 menneske gjekk den gamle kyrkevegen til Hjelme gamle kyrkje

Framtidig ny arbeidskyrkje i kommunedelsenter nord


I mange situasjonar er Blomvåg kyrkje for lita og ikkje eigna til det notida og framtida krev av ei kyrkje. Kyrkja er fin, men det er mange ting ved storleiken, plasseringa og innhaldet i Blomvåg kyrkje som ikkje er framtidsretta. Difor er det spennande at soknerådet har skipa ein komité, som skal starta arbeidet med framtidig kyrkje for Blomvåg sokn. Me ynskjer å delta i utviklinga av kommunedelsenteret på Rong, og me vil leggje til rette for kyrkja sin bruk i framtida. Arbeidstittelen på prosjektet er «Framtidig arbeidskyrkje i kommunedelsenter nord».




STATISTIKK

DELTAKING PÅ GUDSTENESTER


Tal gudstjenester under årstal




TAL DØYPTE OG FØDDE




TAL KONFIRMERTE



TAL GRAVFERDER



TAL VIGDE





ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



Ellen Ebbesvik

Diakonimedarbeidar

I 2021 har det diakonale arbeidet i kyrkjelydane femna breitt. Sjølv om mange planlagte arrangement har vorte avlyst er det godt å oppsummere året og sjå tilbake på godt og nyttig diakonalt arbeid.

På alle aktivitetane har eg god hjelp frå ein flott bukett frivillige. Dei gjer en kjempejobb. Eg hadde møte saman med dei frivillige i slutten av august for å snakke om arbeidet.

Arbeidet første halvdel av 2021 var utfordrande. Veka før påske besøkte me fleire husstandar og delte ut blomar. Me overrekte og ei helsing frå kyrkjelydane med ynskje om ei god og fredfull påskehelg.

Formiddagstreffe er faste møtepunkt i diakoniarbeidet. Grunna pandemien kunne me først arrangere formiddagstreffe i Hjelme kyrkje den 3. juni. Sokneprest Espen Tveten var då med.

Hausten 2021 blei annleis og me kunne gjennomføre fleire samlingar. Smittevernet vart ivareteke og me opplevde inga spreieing av smitte.

Den 2. september fekk me besøk av Solveig Gudmundsen og Birthe Sofie B. Sørensen. Dei er begge engasjerte i misjonsarbeidet til «Ma Mas» i Manilla. Dei viste bilete

og fortalte mykje om forholda mellom dei fattige. Me fekk eit godt innblikk i eit spennande arbeid og fekk sjå at dette medfører håp.

I oktober delte Alvhild Vassel Eide frå sitt arbeid i Kamerun.

I november var Anne Lise Grøm og Egil Sæle med oss på ei samling der tema var religiøse folketonar og salmar.

Den 2. desember var det duka for møte med full julemiddag og besøk av Jan Tommy Fosse.

I slutten av oktober var alle pårørende etter dødsfall siste år invitert til felles samling. Invitasjonen gjekk til pårørende i heile kommunen. Denne sorgkvelden blei arrangert i Sund Kyrkje i Klokkekarvik. Me hadde besøk av John Kristian Gramstad Rolfsnes som er prest på Haraldsplass sykehus. Tema for kvelden var «Sorgens ulike ansikter». Dette var en god kveld for dei som deltok.

Diakoniutvalet har hatt 3 møte i 2021. Utvalet ynskjer å etablere nye tiltak. «Kyrkjeto» og «Sang og salmekveld», begge i Hjelme kyrkje er nye møtepunkt som allereie er komen godt i gang.

I året som ligg bak oss har det vorte mykje fleire heimebesøk og færre telefonsamtalar. Det har vore godt å kunne komme andre mennesker nær innpå livet.

ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog

Eg tek på nytt fram i minnet den ærlege trua di, som først budde i Lois, mormor di, og i Evnike, mor di. Eg er viss på at ho òg bur i deg.

2. Tim 1,5

Slik helsar Paulus i brevet sitt til den unge Timoteus. Vi som trur på Jesus gjer det fordi nokon har gått før oss har delt trua vidare. No er det vår tur. Dette er det viktig å stadig minne oss om i arbeidet med barn og unge. Trua skal delast vidare til neste generasjon. Det er eit stort ansvar, men også eit stort privilegium!

Observasjonar i eit år med restriksjonar

Også dette året vart prega av corona med smittevern, ein del alternative opplegg og utsette konfirmasjonar. Vi har tenkt at vi skal gjennomføre så mykje som mogleg av arbeidet innanfor gjeldande anbefalingar. Ved å flytte litt på nokre samlingar, fekk vi gjennomført nesten alt av enkelttiltaka vi har for dei ulike aldersgruppene. Nokre gonger måtte vi lage alternative opplegg (dagsleirar, utearrangement), men det meste fekk vi gjennomført som planlagt. Det kontinuerlege arbeidet, til dømes med ungdomsklubben Refuel, vart meir prega av skiftande

restriksjonar. Vi hadde framleis streaming her når vi ikkje kunne samlast fysisk, men merka at mange færre ungdomar følgde med på sendingane enn i 2020. Det er krevande å halde interessa oppe på digitale flater og det kan ikkje erstatte dei fysiske møta. Om noko, så har pandemien vist oss endå meir kor viktig dei fysiske treffpunkta er!

Om vi ser på kor mange som deltek på barneleir i forhold til talet på døpte i målgruppa, ser vi at talet har gått merkbar ned i corona-åra 2020 og 2021. Det vert spennande å sjå korleis tala vert for 2022. Vi håpar og trur det kjem til å auke igjen!

DELTAKELSE PÅ LEIR



Stor stas når Thor Haavik kom på besøk til konfirmantane i Blomvåg kyrkje.

To kjekke ting som skjedde i 2021

- Då ungdomsskuleleiren skulle gjennomførast på våren, var det ikkje mogleg med overnatting. Løysinga vart å tenke alternativt og invitere til dagsarrangementet Kompani Skjergardsheimen! Her kom barne- og ungdomsarbeidarane våre verkeleg til sin rett. Dei gjorde ein kjempejobb med å tenke ut og organisere spenstige aktivitetar etter modell frå tv-programmet Kompani Lauritzen. Ungdomane storkoste seg og vi fekk mange nye idéar til å fornye ungdomsleirane våre.
- Nokre av jentene som deltek på K2pp (opplegget vårt for vgs-alder) hadde ei stund snakka om at dei ønska å gjere noko for jenter frå 7.-10. klasse. Dei rakk ei samling før nyttår med det nye opplegget «Jentekveld».

Her kan ungdommane kome for å få ein trygg og sosial møteplass med kjekke aktivitetar. Dei har no fått støtte frå Øygarden kommune til å satse meir på dette i 2022.

Barne- og ungdomsarbeidarane

Barne- og ungdomsarbeidarane når vi går inn i 2022: Eskil Sjøstrøm (20%), Kristine Flåten (20%), Mathilde Karin Dale (20%). Frå hausten 2021 har vi også fått ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget, Cecilie Borsholm Vik. Dette har vi ikkje hatt før og det er heller ikkje så vanleg i kyrkjesamanheng. Det er spennande og foreløpig er erfaringane gode! Det er flott med ein ekstra person på fulltid i trusopplæringsarbeidet og interessant å tenke opplæring av lærling i arbeidet vårt.



Ungdommane måtte stille fint opp til inspeksjon då ungdomsleiren i år vart bytta ut med Kompani Skjergardsheimen.



Bygde vi Øygardens største snømann på adventsleir for 4. klasse?



God innsats på kamuflasjekonkurransen på Kompani Skjergardsheimen.

ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Øystein Steinsland

Kantor

Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, samarbeid med grunnskule/barnehage, Tjeldstø barnekor. Medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper og instrumentalistar.

Blomvåg, samt digital innspeling av jolegudsteneste i Blomvåg kyrkje.

Koret har ikkje øvingar vinter/vår 2022. Det vert arbeida med å starte opp att til hausten.

Jubileum Hjelme og Blomvåg kyrkje

2 jubileumsgudstenester, Hjelme kyrkje 50 år og Blomvåg kyrkje 90 år

Vi syng jula inn

To flotte *Vi syng jula inn* vart gjennomført med Tjeldstø Barnekor, Instrumentalistar og solistar. Grunna max 50 i kyrkja vart arrangementa nedskalert noko.

Hauge-kveld i Hjelme gamle kyrkje

Markering av at det var 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd.

Jolekonsert med Rong Brass

Tradisjonsrik konsert med god jolestemning

Konsert med Mikael Järlestrand

1. oktober fekk me ein fantastisk konsert i Blomvåg kyrkje. Om lag 80 tilhøyrar fekk høyre den dyktige svenske artisten. Mange gode tilbakemeldingar etterpå.

Jobben som kantor/seksjonsleiar

I 2021 har eg spela på 122 tenester i Øygarden kommune (gudsteneste, vigsel, institusjonsandakt, gravferd). Av desse 122 er 36 utanom Hjelme og Blomvåg sokn.

Desse 36 tenestene, samt jobben som leiar for kyrkjemusikk i Øygarden, har ført til at 50% av stillinga var brukt utanom Hjelme og Blomvåg sokn.

Eg kjenner på at Hjelme og Blomvåg sokn mister resursar frå meg, og har eg bede om å tre frå som leiar for kyrkjemusikkseksjonen. 1. august 2022 tek Mathilde Karin Dale over jobben som seksjonsleiar for kyrkjemusikk i Øygarden.

Eg vil for 2021 rette ein stor takk til alle gode medarbeidarar og for det gode samhaldet.

Viktige hendingar i 2021

- Korona
- Innføring av «ny» liturgisk musikk
- Tjeldstø barnekor
- Hjelme kyrkje 50 år
- Blomvåg kyrkje 90 år
- Vi Syng Jula Inn
- Jolekonsert m Rong Brass
- Hauge-kveld i Hjelme gamle kyrkje
- Konsert med Mikael Järlestrand

Koronaepidemien med sine restriksjonar har påverka oss i stor grad. Mykje av det arbeidet ein la planar for i 2021 har vorte endra på eller avlyst. Konfirmasjonar vart utsett til hausten 2021, gudstenester og konsertar har vorte avlyst eller nedskalert, avgrensingar i kor mange me har fått lov å samle i kyrkjene, møteverksemd på TEAMS, digitale innspelingar, eigne dåpsgudstenester pga antalsavgrensingar, munnbind, handsprit, avstand og testing. Trass utfordringar har tenestene vorte utført på ein god måte

Innføring av «ny» liturgi

Hjelme og Blomvåg sokn har vedteke å bruke melodiar frå serie 1, unnateke kyrie som står på s 33 i kantoren sitt nye liturgiske hefte. Det er ein festkyrie.

Hallelujaomkvedet er innført på ny att og skal brukast før og etter evangelielesinga. Me brukar Ns 977.6

Tjeldstø barnekor

Starta opp etter påske 2021. Delteke 4 gongar, ei gudsteneste før sommaren, Vi Syng Jula Inn i Hjelme og



13. juni, på dagen 50 år etter vigslinga av Hjelme kyrkje, vart det halde jubileumsgudsteneste for å feire kyrkja og menneska som høyrer til kyrkjelyden.



I flott haustsol i september var det Hauge-kveld med konsert, foredrag og kyrkjekaffi i Hjelme gamle kyrkje

Medarbeidarane i Hjelme og Blomvåg sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Espen Tveten	Sokneprest
Øystein Steinsland	Soknetamleiar og kontor
Kari Ragne Sandøy Rong	Administrasjonskonsulent
Hogne Berland	Kyrkjelydspedagog
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Kari Synnøve Bekkenes	Kyrkjetenar
Cecilie Borsholm Vik	Lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget
Mathilde Karin Dale	Barne- og ungdomsarbeidar
Kristine Flåten	Barne- og ungdomsarbeidar
Eskil Sjøstrøm	Ungdomsarbeidar

Årsrekneskap for Hjelme og Blomvåg sokneråd 2021

Hjelme og Blomvåg sokneråd har lagt bak seg enno eit annleis år, også økonomisk. Inntekter ligg omtrent som budsjettert, men utgifter ligg godt under det som var budsjettert for året. Soknerådet går samla sett med eit overskot på kr. 123 537-

Hjelme og Blomvåg sokneråd har hatt kr 328 084,- i utgifter og kr. 554 264,- i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr. 226 180,-. Hjelme og Blomvåg sokneråd set av kr. 177 974 ,-til ulike fond; misjonsløp, misjonstur, ungdomsarbeid, gospeltorsdag og fjorårets overskot er sett av i disposisjonsfondet. Etter dette er det eit overskot på kr 123 537,- som kan overførast til soknerådet sitt disposisjonsfond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Hjelme og Blomvåg sokneråd på mange ulike måtar i 2021.

